

# LINDÅS PROSJEKTET


## Rapport nr. 25

Bjørn Håland


### Terrestre undersøkingar på Storemyr, Mongstad

Ei myr på ytre Vestlandet  
med dvergbjørk

Bergen 1979



**NORGES  
ALMENVITENSKAPELIGE  
FORSKNINGSRAD.**



Bjørn Håland

TERRESTRE UNDERSØKINGAR

PÅ

STOREMYR, MONGSTAD

Ei myr på ytre Vestlandet med dvergbjørk



## INNHALD

|   |       |
|---|-------|
| 1. Innleiing  | s. 3  |
| 2. Samandrag  | s. 4  |
| 3. Generell del   | s. 6  |
| 3.1. Topografi  | s. 6  |
| 3.2. Geologi  | s. 6  |
| 3.3. Drenering  | s. 6  |
| 3.4. Mikrotopografi   | s. 7  |
| 3.5. Erosjon  | s. 8  |
| 3.6. Kulturpåverknad  | s. 8  |
| 3.6.1. Torvtekt   | s. 9  |
| 3.6.2. Brenning   | s. 10 |
| 3.6.3. Beiting av sauer og storfe                             | s. 10 |
| 4. Vegetasjonskartlegginga                                    | s. 11 |
| 4.1. Arbeidsmetodar   | s. 11 |
| 4.1.1. Feltarbeid   | s. 11 |
| 4.1.2. Klarlegging og reinteikning av vegetasjonskartet       | s. 11 |
| 4.1.3. Klarlegging av vegetasjonen                            | s. 11 |
| 4.2. Omtale av vegetasjonstypane                              | s. 12 |
| 4.2.1. Røsslyng-bjønnskjeugg vegetasjonen                     | s. 12 |
| 4.2.2. Klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen                   | s. 14 |
| 4.2.3. Grasdominert vegetasjon                                | s. 16 |
| 4.2.4. Sumpsamfunn, hovudsakeleg dominert av torvull-tuer     | s. 18 |
| 4.2.5. Duskull-sump   | s. 20 |
| 4.2.6. Elvesnelle-sump  | s. 20 |
| 4.2.7. Kvitmyrak-sump   | s. 20 |
| 5. Næringstilhøve   | s. 22 |
| 5.1. Torvanalysar   | s. 22 |
| 5.1.1. Metodar  | s. 22 |
| 5.1.2. Kommenterarar  | s. 22 |
| 5.2. Analyse av vatn  | s. 23 |
| 5.2.1. Metode   | s. 23 |
| 5.2.2. Kommenterarar  | s. 23 |
| 6. Dvergbjørk   | s. 24 |
| 6.1. Utbreiing og økologi                                     | s. 24 |
| 6.2. Biometriske målingar                                     | s. 24 |
| 6.2.1. Innsamling av materiale                                | s. 24 |
| 6.2.2. Utveljing av materiale til målingane                   | s. 25 |
| 6.2.3. Storleiken på utvala                                   | s. 25 |
| 6.2.4. Val av parametrar                                      | s. 26 |
| 6.2.5. Målemetode   | s. 26 |
| 6.2.6. Kommentar til resultatata av bladmålingane             | s. 27 |
| 6.2.7. Kommentar til resultatata av målingane på rakleskjella | s. 27 |
| 6.2.8. Kommentar til resultatata av målingane på fruktene     | s. 27 |
| 6.3. Vedanatomi   | s. 28 |
| 6.4. Aldersanalyse  | s. 29 |
| 6.4.1. Metode   | s. 29 |
| 6.4.2. Veksemåte og formeiring                                | s. 29 |
| 6.4.3. Resultat og diskusjon                                  | s. 29 |
| 7. Artsliste  | s. 31 |
| 8. Litteratur   | s. 36 |
| 9. Tabellar og figurar  | s. 38 |

## 1. INNLEIING

To særpreg gjer at Storemyr skil seg ut som ei av dei sjeldnare myrane på ytre Vestlandet. Det er uvanleg å finna så store og mest urørte myrflater i desse stroka. Dvergbjørk som myra har ein ganske stor populasjon av, finn ein sjeldan i lågare strok på ytre Vestlandet sør om Stadt.

Myra har vore foreslått verna.

Storemyr ligg på Norsk Hydro sitt industriområde på Mongstad i Nord-Hordaland. Planen er at området skal byggjast ut. Ved ei utbyggjing vil den nåverande vegetasjonen og dvergbjørkpopulasjonen verta øydelagt. Granskinga som vart gjort sommaren og hausten 1977, er difor konsentrert om å:

- a) Kartleggja den nåverande vegetasjonen.
- b) Prøva å klarleggja kva miljø dvergbjørka veks i.
- c) Gi ein systematisk omtale av dvergbjørka på myra så fullstendig som råd.

Granskinga er gjort på oppdrag frå Norsk Hydro A/S.

For hjelp under arbeidet takker eg Dag Olav Øvstedal som var fagleg rettleiar under arbeidet, Knut Fægri, Ingvald Røsberg og Arnfinn Skogen.

## 2. SAMANDRAG

Storemyr er 1,6-1,7 km lang og 2-300 m brei. Ho ligg mellom Mongstad og Knarrevik i Lindås kommune i Nord-Hordaland. Ein låg fjellrygg avgrensar myra mot nordaust. På sørvestsida ligg eit lågt åsdrag.

Myra ligg på lite næringsrikt fjell, noko vegetasjonen ber preg av.

Kulturpåvirknaden har vore liten. Myra vart beita opp til slutten av 1960-åra. Folk frå distriktet seier at det ikkje er tatt torv på myra den siste mannsalderen. Ein finn heller ikkje spor etter torvtekt. Dei kan heller ikkje hugsa at myra har vorte brent.

Det er skilt ut sju vegetasjonstypar på myra. Sjå vegetasjonskartet.

1) Røsslyng-bjørnnskjegg vegetasjon. Røsslyng, klokkelyng, bjørnnskjegg, torvull og mosen Hypnum ericetorum er dei vanlegaste artene her. Denne vegetasjonstypen høyrer truleg heime i assosiasjonen Erico-Sphagnetum magellanici Moore (1964) 1968.

2) Klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen kan delast i to. Den eine undertypen er karakterisert ved pors og blåtopp. Moseskiktet er tynt og vekslar mellom Hypnum ericetorum og torvmosearter. Denne høyrer heime i assosiasjonen Myricetum galis Jonas 1932, subassosiasjon med Erica tetralix Dierschke 1969. Resten er tue- og fastmattesamfunn som truleg høyrer heime i assosiasjonen Vaccinio-Ericetum tetralicis Moore 1962.

3) Grasdominert vegetasjon finn ein særleg langs bekker og dråg. Flater dominert av blåtopp, kveinarter og smyle gir denne vegetasjonstypen preg.

4) Sumpsamfunn hovudsakeleg dominert av torvull. Typisk for denne vegetasjonstypen er små tuer med torvull som til dels stig og søkk i takt med vannstanden. Innimellom finn ein ofte opent vatn.

5) Duskull-sump finn ein først og fremst på erosjonsflater. Duskulla kan stå saman med torvmosearter eller åleine. Då i opent vatn.

6) Elvesnelle-sump finn ein på eit lite område som truleg er eit lite gjenngrodd tjern. Elvesnelle veks her saman med slåttestarr og torvmosearter.

7) Kvitmyrak-sump. Saman med kvitmyrak finn ein duskull, dystarr og rundsoldogg. Dessutan torvmoseartene Sphagnum cuspidatum, S. magellanicum, S. papillosum og S. tenellum. Denne vegetasjonstypen høyrer truleg heime i assosiasjonen Caricetum limosae Br.-Bl. 1921.

Kjemiske analysar av torv og vatn syner at heile myra er svært næringsfattig. Store deler av myra er truleg ombrotrof, det vil seia at ho bare får tilført næring gjennom nedbøren.

Dvergbjørk er mest utbreidd innen røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen, men ho finst òg i andre vegetasjonstyper. Det ser ikkje ut for at dvergbjørk har spesielle krav til næring eller væte.

Dei biometriske målingane på dvergbjørk syner at ca. 25% av populasjonen har eit svakt avvik. Dette er truleg "restane" etter ei tidlegare kryssing mellom dvergbjørk og vanleg bjørk.

Analysen av aldersfordelinga på dvergbjørk syner at populasjonen truleg begynte å ekspandera for ca. 35 år sidan. Med den analysemetoden som vart brukt, kan ein ikkje avgjera om populasjonen framleis er i vekst.

Studier av vedanatomen syner at veden hos dvergbjørk skil seg frå veden hos vanleg bjørk.



### 3. GENERELL DEL

#### 3.1. Topografi

Myra ligg mellom to fjellrygger. Sjå fig. 1, 36 og 37. I sørvest ligg eit lågt åsdrag som skrånar nokså bratt ned mot myra. I nordaust vert myra avgrensa av ein låg fjellrygg. Nokre stadar er denne så låg at han såvidt når over myrflata.




Fig. 1. Skjematisk tverrsnitt av myra.

#### 3.2. Geologi

Det går ei bergartsgrense under myra. På nordaustsida finn ein anortositt. Vitringsproduktet av anortositt inneheld svært lite fosfor og gir difor eit dårleg jordsmonn. Fjellgrunnen på sørvestsida består av gneisar. Desse gir ei aning betre jordsmonn. Siget frå skråninga i sørvest har difor noko meir næring og gir opphav til ein noko frodigare vegetasjon langs den sørvestre skråninga. Sjå vegetasjonskartet.

#### 3.3. Drenering

Ut frå dråga (sjå s. 13) kan ein teikna opp hovuddreneringsretningane på myra. Sjå fig. 2. Som ein ser av denne figuren vert dei nordvestre og midre delene av myra drenert mot nord. Ein del av myra i nordaust vert drenert mot nordaust. Resten vert samla opp i eit breit dråg som går frå midten av myra og søraust over.




Fig. 2. Dreneringa på Storemyr etter retningane på dråga.

### 3.4. Mikrotopografi

Mikrotopografien varierer med vegetasjonstypene. Sjå vegetasjonskartet.

a) Områda med klokkeling-pors-blåtopp vegetasjon er tuete. Sjå fig. 42. Tuene er små, står ganske tett og er opp til ein halv meter høge. Denne vegetasjonstypen finn ein langs den sørvestre kanten av myra.

b) Røsslyng-bjørnskjegg vegetasjonen kan delast i to:

1) Utanfor klokkeling-pors-blåtopp vegetasjon finn ein eit belte der røsslyng-bjørnskjegg vegetasjon er typisk utforma. Sjå fig. 39 og 40. Overflata er her etter måten flat. Store homogene flater er bare gjennombrotne av enkelte dråg. Tuene ein finn er låge og flate.

2) Dei midtre og søraustre delene av myra er sterkt erodert. Sjå fig. 49. Store tuer med røsslyng-bjønnskjegg vegetasjon dominerer desse områda heilt. Tuene er høge og har bratte kantar. Innimellom finn ein små erosjonsflater og drag.

c) Typisk for torvull-sumpa er dei små, delvis flytande, tuene med torvull. Sjå fig. 46, 47 og 48. Innimellom finn ein ofte åpent vatn.

d) Overflata innan dei gjenstående vegetasjonstypene er temmeleg slett. Sjå fig. 45, 49 og 50.

### 3.5. Erosjon

På myrar får ein erosjon når vegetasjonsdekket av ein eller annan grunn vert øydelagt. Vatn og vind kjem då til og transporterar bort torva. Medverkande faktorar er tørke og frost. Aktivitet frå menneska si side kan vera ein av grunnane til at vegetasjonen vert øydelagt og erosjonen byrjar. Sjå kapittel 3.6.

På Storemyr er erosjonen (har vore) størst på dei midtre og austre delene av myra.

Kvitmyrak-sumpa (sjå vegetasjonskartet og side 20) finn ein i samband med ein struktur som kan tyda på at det har vore stor erosjon på den austre delen av myra. Denne ligg i ei forsenkning oppi ein 40 x 50 m stor torvpalle. Fig. 3 syner pallen ovanfrå og i snitt. På søraust- og austsida har pallen ein opp til 2 m høg, loddrett torvkant som er utan vegetasjon. Her er erosjonen stor. Ein vatnprøve frå kvitmyrak-sumpa (sjå side 23) syner at tilhøva er ombrotrofe. (Sjå side 22.) Høvet mellom kalsium og magnesium er 0,6. Av den grunn er det lite sannsynleg at denne strukturen er danna over ei oppkome. Erosjonen som pallen skulle vera ein rest etter, må ha skjedd for nokså lenge sidan, då det i dag ikkje er noko anna som tyder på så store omveltingar.

### 3.6. Kulturpåverknad

Når ein undersøker myrar, er det viktig å veta i kor stor grad og på kva måte menneska har utnytta og forandra dei. I desse stroka av Vestlandet er det mest naturleg å tenkja på torvtekt, beite og brenning. Når eg har arbeidd




Fig. 3 a-b. Torvpallen med kvitmyrak-sumpa. a) Sett ovanfra. b) Tverrsnitte 1-2 og 3-4.

på Storemyr, har eg hatt dette i tankane. Eg har òg snakka med folk i distriktet om dette.

### 3.6.1. Torvtekt

Slik myra ligg i dag, kan ikkje eg sjå spor etter torvtekt, men tidlegare erfaringar har synt at slike spor forsvinn fort. Restar etter torvløer manglar. En finn heller ikkje dei rette torvkantane som er så typiske for torvtak. Som det går fram av kapittel 3.5. (side 8), er det sannsynleg at det har vore stor erosjon i austenden av myra. Om denne er naturleg eller ein del av ei større utskjering av myra, kan eg ikkje avgjera. Folk eg har snakka med, meiner at det ikkje er tatt torv i myra den siste mannsalderen. I alle fall må det vera tale om svært små mengder.



### 3.6.2. Brenning

I nær tilknytning til myra finst eit større plantefelt med furu. Dette må vera 40-50 år gammalt. Så lenge ein har hatt dette, kan det ikkje ha vore større brenning av lyngen på myra. Dette vert òg stadfesta av dei som tidlegare nytta myra. Det utelukker ikkje at brenning har vore vanleg tidlegare.

### 3.6.3. Beiting av sauer og storfe

Myra vart beita heilt til Norsk Hydro A/S overtok området i slutten av 1960-åra. Kor sterkt dette beitet har vore, er vanskeleg å avgjera då det syner lite på vegetasjonen i dag.

#### 4. VEGETASJONSKARTLEGGINGA

##### 4.1. Arbeidsmetodar

##### 4.1.1. Feltarbeid

Mesteparten av tida gjekk med til å ta ruteanalysar (vegetasjonsanalysar). Under dette arbeidet brukte eg Hult-Sernanders skala: Arter som dekkjer

0-1/16 av arealet, får dekningsgrad 1

1/16-1/8 2

1/8-1/4 3

1/4-1/2 4

1/2-1 5

To analyseruter (nr. 123 og 124) (sjå tabell 8) var på 25 x 25 cm. Rutene med nummer 201-207, 211 og 213-217 (sjå tabell 11) var på 1 x 1 m. Resten av analyserutene var på 1/4 m<sup>2</sup> (0,5 x 0,5 m).

Kartlegginga var den siste fasen av feltarbeidet. Så langt det var råd prøvde eg å bruka vegetasjonsgrensar eg kunne finna att på flyfoto. Grensene teikna eg i felt rett inn på flyfoto i målestokk 1:15 000.

##### 4.1.2. Klarlegging og reinteikning av vegetasjonskartet

Vegetasjonsgrensene førte eg over på flyfoto i målestokk 1:2000 og deretter til kart i målestokk 1:2000. Eg kunne då utarbeida eit manuskart. Vegetasjonskartet vart reinteikna og klargjort for trykking hos Viak A/S i Bergen.

##### 4.1.3. Klarlegging av vegetasjonen

Ruteanalysane dannar grunnlaget for den oversikten over vegetasjonstypar eg har gitt nedanfor. For å finna ut kva samfunn desse typar var samansett av, måtte analysane sorterast og setjast opp i tabellar. Med plantesamfunn (forkorta til samfunn) meiner eg ein kombinasjon av plantearter med om lag same dekningsgrad, som ein kan finna att frå stad til stad. Analysar som er samla i ein tabell, tilhøyrer same eller nærståande samfunn.

For å få fram kva artar som går att i samfunna, rekna eg ut konstansklassen for kvar art. Denne er gitt med romertall langs høgre side av tabellane. Konstansklassen er funnen slik:

|               |       |            |                |     |
|---------------|-------|------------|----------------|-----|
| Arten finst i | 0-20% | av rutene: | konstansklasse | I   |
| "             | "     | "          | 21-40%         | II  |
| "             | "     | "          | 41-60%         | III |
| "             | "     | "          | 61-80%         | IV  |
| "             | "     | "          | 81-100%        | V   |

#### 4.2. Omtale av vegetasjonstypene

Vegetasjonstypene som er skilt ut på kartet, er mosaikkar av fleire plantesamfunn. (Sjå s. 11). Ein del av plantesamfunna har eg prøvt å settja inn i det mellom-europeiske plantesosiologiske klassifikasjonssystemet. Grunneininga i dette er assosiasjonen. Samfunn som tilhøyrer same assosiasjonen, er karakterisert ved ei bestemt gruppe arter. Assosiasjonar som liknar kvarandre, vert samla i forbund. Forbunda vert samla i ordnar og desse vert til slutt samla i klassar. Samfunn som høyrer til i same assosiasjonen, men som likevel skil seg frå kvarandre, vert skilt ut som subassosiasjonar.

I litteraturen finn ein òg omgrepet sosisasjon. Dette høyrer heime i ein skandinavisk plantesosiologisk skole. Sosisasjon vert brukt om vegetasjonseiningar som er karakterisert ved kva arter som dominerar i dei ymse sjikta. Innan plantesosiologien er det tale om fire sjikt:

- a) Botnsjiktet vert danna av mosar og lav.
- b) Feltsjiktet vert danna av urter, gras og dvergbuskar.
- c) Busksjiktet vert danna av større buskar (ca. 0,8-2 m).
- d) Tresjiktet vert danna av forveda arter som er større enn 2 m.

Ein oversikt over vegetasjonseiningane som er funne på Storemyr er gitt i tabell 13.

##### 4.2.1. Røsslyng-bjønnskjegg (*Calluna-Scirpus caespitosus*) vegetasjonen (Vegetasjonstype 1 på kartet )

Typisk utforma er denne vegetasjonstypen ein mosaikk av låge tuer og fastmatter. Sjå fig. 39 og 40. Tuene er dominert av røsslyng og fastmattene er dominert av bjønnskjegg. Langs kanten av tuene, ved overgangen til fastmattene, finst ein krans av klokkelyng. Innimellom kan ein finna små flater med rome og låge tuer med klokkelyng. Vanlegvis dominerer mosen Hypnum ericetorum i botnsjiktet, men innimellom overtar torvmosane Sphagnum

papillosum og S. nemoreum. Andre vanlege arter er torvull, duskull, mosane Pleurozium schreberi og Rhacomitrium lanuginosum og laven Cladonia impexa. Der myra er erodert, er denne vegetasjonstypen annleis utforma. Her finst store tuer med bratte kantar og flat topp. Toppen er dominert av røsslyng. Erosjonsflatene som ligg innimellom, er som oftast utan vegetasjon. Desse er vanlegvis så små at dei ikkje er skilt ut på kartet.

Der fastmarksvatnet banar seg veg gjennom myra, påverkar det vegetasjonen, og vi får danne dråg. Større dråg som ofte har gras- eller torvulldominert vegetasjon, er skilt ut som dette på kartet. Sjå fig. 43.

Dei små dråga (sjå fig. 44) som går gjennom område med røsslyng-bjønnskjegg vegetasjon er vanlegvis så smale at dei ikkje er skilt ut på kartet. Vegetasjonen i desse dråga liknar den vi finn innan klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen.

a) Omtale av samfunna. Tabell 1.

Ut frå kva arter som dominerer, kan ein skilja ut fleire samfunn. Osvald (1949) har gitt ein oversikt over liknande vegetasjon i Irland og Storbritannia. Ein del av dei samfunna ein finn innan røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen på Storemyr, kan plasserast i hans sosiasjonar.

1) Dei tørre røsslyngtuene (tabell 1, analysenr. 038-150) med Hypnum ericetorum i botnsjiktet, høyrer til i "Calluna and Calluna-moss" sosiasjonen.

2) Klokkelyngvegetasjonen nede langs kanten av større tuer og på små tuer. Tabell 1, analyse nr. 016-165. Klokkelyng dominerer i feltsjiktet og Hypnum ericetorum i botnsjiktet. Dette samfunnet høyrer til i Erica tetralix sosiasjonen.

3) Røsslyngvegetasjon med torvmose i botnsjiktet. Tabell 1, analyse nr. 162-164. Dette samfunnet høyrer til i Osvald sin Calluna-Sphagnum sosiasjon.

4) Klokkelyngvegetasjon med torvmosar i botnsjiktet. Tabell 1, analyse nr. 90. Han seier at dette samfunnet står i ei stilling mellom Calluna-Sphagnum sosiasjonen og Erica tetralix sosiasjonen.

5) Fastmatter med bjønnskjegg. Tabell 1, analyse nr. 067-163. Desse skil seg fra Osvald sin Scirpus caespitosus-Eriophorum vaginatum sosiasjon ved at på Storemyr er Hypnum ericetorum den vanlege mosen i botnsjiktet. Hos han er det torvmosearter.



6) Flater dominert av rome. Tabell 1, analyse nr. 167-212. Botnsjiktet er vanlegvis svakt utvikla i dette samfunnet. Osvald har ikkje omtala noko liknande samfunn frå Dei britiske øyar.

#### b) Samanlikningar og klassifisering

Røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen liknar på det som Mc Vean og Ratcliffe (1962) omtaler frå skotske "blanket bogs" og "raised bogs". Den er ein mellomting mellom det dei kallar Trichophoreto-Callunetum og det dei kallar Trichophoreto-Eriophoretum typicum. Men direkte samanlikningar er vanskelege, då analysane frå Skottland er tatt i ruter på 4 m<sup>2</sup> medan mine er frå ruter på 1/4 m<sup>2</sup>.

Av tabell 1 ser ein at det stort sett er dei same artene som går igjen i alle samfunna. Av den grunn kan alle desse samfunna plasserast i same assosiasjonen.

Skal ein prøva å setja røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen inn i det mellom-europeiske klassifikasjonssystemet, er det lettast å bruka Moore (1968) sitt system for "bog" vegetasjon. Røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen på Storemyr har følgjande karakterarter for ordenen Sphagnetalia magellanici: Torvull, kvitlyng og Sphagnum magellanicum. Heisev og Sphagnum compactum som er viktige arter i ordenen Ericetalia tetralicis, finn ein derimot ikkje. Vidare finn ein at denne vegetasjonstypen stort sett manglar karakter- og skiljeartene til forbundet Sphagnion fusci, men har følgjande karakter- og skiljearter for forbundet Erico-Sphagnion: Bjønnskjegg, duskull, klokkelyng, rome, Hypnum ericetorum, Sphagnum papillosum og Odontoschisma sphagni. Røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen skal altså plasserast i forbundet Erico-Sphagnion i ordenen Sphagnetalia magellanici. Då denne vegetasjonstypen ikkje er klarlagt på Vestlandet, vil eg ikkje slå endeleg fast kva assosiasjon den høyrer heime i. Men etter å ha sett ein del på Moore (1968) og Birse & Robertson (1976) sine tabellar, synst eg det peikar i retning av Erico-Sphagnetum magellanici Moore (1964) 1968.

#### 4.2.2. Klokkelyng-pors-blåtopp (Erica-Myrica-Molinia) vegetasjonen. (Vegetasjonstype 2 på kartet.)

Denne vegetasjonstypen finn ein først og fremst langs skråninga i sørvest. Overflata er tett småtuete. Graset blåtopp som veks jamt og til dels tett, gir vegetasjonen preg. Sjå fig. 42. Pors veks regelmessig over heile området, men det varierer sterkt med kor tett han står. Enkelte stader står han så

tett at mest all annan vegetasjon er kvelt. Tuer med klokkelyng er svært vanleg, og er med og gir vegetasjonen preg. Ellers finn ein spredte tuer med røsslyng, bærlyng og torvull. Innimellom finn ein små flater dominert av rome, smyle eller kveinarter. Kvein- og smylesamfunna er omhandla under den grasdominerte vegetasjonen. Sjå s. 16. I den vidare handsaminga har eg funne det lettast å dela denne vegetasjonstypen i to.

a) Tue- og fastmattesamfunn som truleg tilhøyrrer Vaccinio-Ericetum tetralicis Moore 1962. (Tabell 2)

Eg har her samla dei tuesamfunna som er dominert av lyngarter. Dessutan har eg tatt med eit fastmattesamfunn med rome. Då det stort sett er dei same artene som går att frå samfunn til samfunn, kan ein samla alle desse samfunna i same assosiasjonen.

Samanliknar ein tabell 2 med tabell 1, ser ein at denne vegetasjonen liknar ganske mykje på røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen. Klokkelyng, torvull og mosen Hypnum ericetorum er konstant til stades begge stadar. Av den grunn trur eg at denne vegetasjonen òg høyrer til i forbundet Erico-Sphagnion Moore 1968. Men ein finn òg skildnadar. Blåbær og tytebær som innan røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen hadde konstansklasse I og II, har her konstansklasse III. Bjønnskjegg, Rhacomitrium lanuginosum og Cladonia impexa har gått ned i konstansklasse I. Dessutan har ein del nye arter kome til: Blåtopp, konstansklasse III, tepperot og skogstjerne, konstansklasse II, og myrfiol og hundekvein, konstansklasse I. Etter Moore (1968) kan ein setja opp tytebær, blåbær, tepperot, skogstjerne, myrfiol og hundekvein som skiljearter for assosiasjonen Vaccinio-Ericetum tetralicis Moore 1962 mot assosiasjonen Erico-Sphagnetum magellanicum Moore (1964) 1968. Av den grunn meiner eg at desse tue- og fastmattesamfunna truleg høyrer heime i assosiasjonen Vaccinio-Ericetum tetralicis Moore 1962.

b) Pors-blåtopp samfunna. (Tabell 3.)

Desse samfunna er karakterisert ved at klokkelyng, pors, tepperot, blåtopp og Hypnum ericetorum er meir og mindre konstant til stades. Av desse er det bare pors og blåtopp som har jamt høg dekning. Ellers er mosane Pleurozium schreberi og Sphagnum papillosum nokså vanlege.

### Samanlikningar og klassifisering

Pors-blåtopp samfunna eg har funne på Storemyr liknar på det som D. A. Ratcliffe (1964) omtalar som "Molinia-Myrica mire". Det Mc Vean og Ratcliffe (1962) kallar "Molinia-Myrica nodum" liknar òg. Desse samfunna ser òg ut for å passa godt inn i assosiasjonen Myricetum galis (Jonas 1932). Dierssen (1973) seier at den einaste karakterarten for denne assosiasjonen er pors, medan H. Dierschke (1969) set opp vanleg bjørk og trollhegg i tillegg til pors. Dei to siste artene manglar på Storemyr.

Analysane frå Storemyr har alle skilleartene som Dierschke (1969) har sett opp for subassosiasjonen med klokkelyng: Røsslyng, klokkelyng, rome og torvull. Av den grunn skulle det vera rett å plassera pors-blåtoppsamfunna frå Storemyr i denne subassosiasjonen.

#### 4.2.3. Grasdøminert vegetasjon. (Vegetasjonstype 3 på kartet)

Innan den grasdøminerte vegetasjonen finn ein mange plantesamfunn representert. Grassamfunn med blåtopp, kveinarter, smyle og slåttestarr pregar desse områda. Sjå fig. 43 og 45. Ellers finst det tuer med klokkelyng, med bjønnskjegg og med torvull. På fuktige flater kan ein finna duskullsamfunn. Den grasdøminerte vegetasjonen finn ein først og fremst i samband med bekkeløp og dreneringssluk. Sjå fig. 43.

Kort omtale av samfunna

a) Tuer med klokkelyng. Vegetasjonen på desse tuene er heilt lik den ein finn innan klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen. Sjå omtalen side 15.

b) Samfunn med blåtopp. Saman med blåtopp finn ein som oftast ein del pors. Desse samfunna skil seg lite frå dei pors-blåtopp samfunna ein finn innan klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen. Sjå omtalen side 15.

c) Tuer med bjønnskjegg. Tabell 12. Vegetasjonen på desse tuene er svært lik den ein finn innan røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen, og kan reknast som ein del av dei bjønnskjegg samfunna ein finn der.

d) Slåttestarr (Carex nigra) samfunn. Tabell 4. Slåttestarrsamfunn finn ein på Storemyr først og fremst langs bekker og andre stadar der vatngjennomstrøyminga er stor.

I feltsjiktet er slåttestarr den dominerande arten, men ellers er tepperot, skogstjerne, krypkvein og duskull vanlege.

Etter botnsjiktet kan denne vegetasjonen delast i to:

- 1) Eit tørrare samfunn med Hypnum ericetorum, Hylocomium splendens og Pleurozium schreberi i botnsjiktet. Sjå tabell 4, analyse nr. 180-011.
- 2) Eit fuktigare samfunn med torvmosar i botnsjiktet. Sjå tabell 4, analyse nr. 053-113.

Samanlikning og klassifisering.

Desse slåttestarrsamfunna må nok reknast som ein fattig variant av ein noko rikare slåttestarr vegetasjon som er heilt vanleg på Vestlandet. Denne vegetasjonen er ennå ikkje utreidd.

Slåttestarrsamfunna ein finn på Storemyr, har følgjande karakterarter for forbundet *Caricion canescentis-fuscae* (Koch 1926) Nordh. 1936: Slåttestarr, gråstarr, stjernestarr, grøftesoleie, myrfiol og trådsev (etter A. Westhoff og A. J. Den Held 1969: 198). Det er difor svært sannsynleg at dette samfunnet høyrer til i dette forbundet.

e) Kvein (Agrostis spp.) samfunn. Tabell 5. Denne vegetasjonen kan delast i to:

- 1) Eit samfunn med hundekvein. (Tabell 5, analyse nr. 009-174). Torvmosar dominerer i botnsjiktet.
- 2) Eit samfunn med engkvein. (Tabell 5, analyse nr. 077-078). I botnsjiktet som her er dårleg utvikla, finn ein mosane Hylocomium splendens, Hypnum ericetorum, Pleurozium schreberi og Polytrichum formosum.

I begge desse samfunna er tepperot og skogstjerne konstant til stades.

Den plantesosiologiske stillinga til desse samfunna er ikkje utgreidd.

f) Smyle (Deschampsia flexuosa) samfunn. Tabell 6. Desse samfunna er karakterisert ved at smyle dominerer i feltsjiktet. Skogstjerne er konstant til stades. Etter botnsjiktet kan ein skilje ut to samfunn:

- 1) Eit tørt samfunn der botnsjiktet er dominert av Hypnum ericetorum og Pleurozium schreberi. Tabell 6, analyse nr. 024-138.
- 2) Eit fuktigare samfunn med torvmosar i botnsjiktet. Tabell 6, analyse nr. 096-172.



Eg har ikkje tatt stilling til korleis desse samfunna skal klassifiserast.

g) Duskull (Eriophorum angustifolium) samfunn. Tabell 7. På Storemyr finn ein duskullsamfunn frå opent vatn til tørre flater. Etter botnsjiktet kan ein dele duskullsamfunna i tre:

1) Ein tørr type. (Tabell 7, analyse nr. 140-076). I tillegg til duskull har dette samfunnet skogstjerne og tepperot i feltsjiktet. I botnsjiktet dominerer Hylocomium splendens og Hypnum ericetorum. I tillegg finn ein Pleurozium schreberi. Dei to analysane som manglar duskull (nr. 059 og 076) er ellers så like at eg har tatt dei med her.

2) Ein mellomfuktig type. (Tabell 7, analyse nr. 030-040). Torvmoseartene Sphagnum imbricatum og S. papillosum dominerer i botnsjiktet. I feltsjiktet finn ein framleis tepperot, men skogstjerne og tytebær har forsvunne. Rundsoldogg har kome til.

3) Ein blaut type. (Tabell 7, analyse nr. 095-186). Duskull er ofte den einaste arten i feltsjiktet. Botnsjiktet kan mangla heilt (opent vatn) eller vera dominert av Sphagnum fallax, S. inundatum eller S. cuspidatum. Desse torvmoseartene finn ein helst på våte stadar.

Innan den grasdominerte vegetasjonen er den tørre og den mellomfuktige typen mest vanleg.

#### Samanlikningar og klassifisering

Dei analysane som har Sphagnum fallax i botnsjiktet (tabell 7, analyse nr. 095-012), liknar på det som Dierssen (1973: 63) har kalla eit Sphagnum fallax-Eriophorum angustifolium samfunn. Han har ikkje tatt stilling til kor i systemet dette samfunnet skal plasserast. Dei andre duskullsamfunna ein finn på Storemyr, har eg ikkje funne noko godt samanlikningsgrunnlag for. Korleis dei skal klassifiserast vil eg ikkje ta stilling til.

h) Tuene med torvull og flatene med torvmose vert handsama i kapittel 4.2.4. Sjå s. 19.

4.2.4. Sumpsamfunn. Hovudsakeleg dominert av torvull (Eriophorum vaginatum) tuer. (Vegetasjonstype 4 på kartet)

Denne vegetasjonstypen finn ein først og fremst i eit breitt og svært vått dråg

som strekkjer seg frå midten av myra og søraust over. Sjå fig. 46. Ellers finst den på våte erosjonsflater og i mindre dråg.

Tette tuer med torvull som til dels stig og søkk i takt med vannstanden, gir denne vegetasjonstypen eit karakteristisk preg. Sjå fig. 47 og 48. Enkelte stadar finn ein små flater dominert av slåttestarr, duskull, kvein eller smyle. Tuer med røsslyng og klokkelyng finst òg. På enkelte mindre flater er det reine torvmosesamfunn. Desse er mest utan feltskikt.

a) Tuer med røsslyng og klokkelyng.

Vegetasjonen på desse er den same som er omhandla under klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen. Sjå s. 15.

b) Kvein, smyle, slåttestarr- og duskullsamfunna

ein finn her er dei same som er omhandla under den grasdominerte vegetasjonen. Sjå s. 16.

c) Torvull (*Eriophorum vaginatum*) samfunn. Tabell 8.

I desse samfunna er alltid feltskiktet dominert av torvull. I tillegg finn ein kvitlyng, røsslyng, klokkelyng, pors, tytebær, tepperot, duskull, blåtopp og bjønnskjegg. Etter botssjiktet kan ein skilje ut to typar:

- 1) Ein tørr type. (Tabell 8, analyse nr. 201-130.) Mosen *Hypnum ericetorum* dominerer i botnsjiktet, men *Pleurozium schreberi* er òg jamt til stades.
- 2) Ein fuktigare type. (Tabell 8, analyse nr. 008-084). Torvmosar dominerer her botnsjiktet.

Klassifisering

Artene klokkelyng, kvitlyng og torvull syner at desse samfunna høyrer heime i forbundet *Erico-Sphagnion* Moore 1968. Kva assosiasjon dei skal plasserast i, har eg ikkje tatt stilling til.

d) Torvmosesamfunn. Tabell 9.

Over alt på myra der det er fuktig nok, kan ein finna små flater som er dominert av ein enkelt torvmoseart. Feltsjiktet er alltid svært dårleg utvikla. Desse samfunna høyrer truleg heime i forbundet *Erico-Sphagnion* Moore 1968.

4.2.5. Duskull (*Eriophorum angustifolium*) sump. (Vegetasjonstype 5 på kartet.)

Denne vegetasjonstypen finn ein på fuktige erosjonsflater. Sjå fig. 49. Duskull som alltid dominerer i feltsjiktet, pregar vegetasjonen. Botnsjiktet kan vera dominert av torvmosar eller mangla.

Av dei duskullsamfunna som er omtalte på s.18, finn ein bare den mellomfuktige og blaute typen representert innan duskull-sumpa.

4.2.6. Elvesnelle (*Equisetum fluviatile*) sump. (Vegetasjonstype 6 på kartet.)

Det som på vegetasjonskartet er skilt ut som elvesnellesump, er truleg eit tjern som nyleg har vakse igjen. Heile området er dekkja av torvmosar. Alt etter kor fuktig det er, dominerer *Sphagnum imbricatum*, *S. fallax* eller *S. inundatum*. Elvesnelle og slåttestarr finn ein over store deler av området, men enkelte flater er mest utan feltsjikt. Her dominerer torvmosane heilt.

Denne vegetasjonstypen kan delast i to:

- a) Torvmosesamfunn. Desse er omtalte på s. 19.
- b) Slåttestarrsamfunn. Dei slåttestarrsamfunna ein finn her, har eit visst innslag av elvesnelle, men skil seg ellers ikkje noko særleg ut frå dei slåttestarrsamfunna ein finn andre stadar på myra. Sjå omtalen av slåttestarrsamfunna s. 16.

4.2.7. Kvitmyrak (*Rhynchospora alba*) sump. (Vegetasjonstype 7 på kartet.)

Kvitmyrak-sump fanst bare oppi ein stor torvpalle i austre hjørne av myra. Denne er nærare omtalt på s. 8. Sjå òg fig. 50.

Omtale av samfunna:

a) Kvitmyrak (*Rhynchospora alba*)-samfunnet. Tabell 10.

Det vesle området på Storemyr som hadde kvitmyrak-sump var så vått at ein kan kalla det hengjemyr. I feltsjiktet er kvitmyrak og bukkeblad konstant til stades. I tillegg finn ein duskull, dystarr og rundsoldogg. Torvmosane *Sphagnum cuspidatum*, *S. magellanicum*, *S. papillosum* og *S. tenellum* dominerer i botnsjiktet.

### Klassifisering.

Dette samfunnet høyrer heime i forbundet Rhyncosporion albae W. Koch 26, men det er noko usikkert om det skal førast til assosiasjonen Caricetum limosae Br.-Bl. 1921 eller assosiasjonen Rhynchosporetum albae W. Koch 1926. Samfunnet på Storemyr har dystarr som er karakterart for assosiasjonen Caricetum limosae Br.-Bl. 1926. Det manglar derimot dei fleste karakterartene for assosiasjonen Rhynchosporetum albae W. Koch 1926 (Oberdorfer 1957). Dette peikar mot assosiasjonen Caricetum limosae Br.-Bl. 1921.

### b) Innan kvitmyrak-sumpa var det ei røsslyngtue

Ein analyse frå denne tua (nr. 162) er tatt med under røsslyng bjønnskjegg vegetasjonen. Sjå tabell 1 og s. 13.

## 5. NÆRINGSTILHØVE

Mengden av ein del plantenæringsstoff er målt i torv og i vatn.

### 5.1. Torvanalysar. Tabell 14, 15 og 16.

#### 5.1.1. Metodar

Torvprøvane vart samla inn i oktober/november 1977. Prøvane vart tatt rett under mosedekket. Den totale mengden kalium, natrium, kalsium, magnesium, jern, mangan, nitrogen og karbon er målt i alle prøvane. Sjå tabell 14.

I ein del av prøvane vart den utbyttbare mengden av dei same ionane pluss fosfor, vannmengde, glødetap, leiingsevne og pH målt. Sjå tabell 15. I nokre få av prøvane vart mengden av følgjande mikroelement målt: Koppar, sink, molybden og aluminium. Sjå tabell 16.

#### 5.1.2. Kommenterar

1) På myr vil nedbrytinga vera mindre enn produksjonen. Av den grunn får vi akkumulert torv. Myra veks. Til slutt kan myroverflata vera utan samband med fastmarksvatnet, det vil seia med vatn som har sige gjennom mineraljord. Ei slik myr som får all væte og all næring via nedbøren, vert kalla ombrotrof. Myrar som får tilført næring gjennom fastmarksvatnet vert kalla minerotrofe. Ombrotrofe myrar er blant dei mest næringsfattige miljøa som finst. Høvet mellom mengden utbyttbart kalsium og magnesium (Ca/Mg) i torva, kan seia noko om korleis myra får tilført næring. Er dette høvet mindre eller lik ein, tyder det på at myra er ombrotrof (Chapmann 1964).

Av tabell 15 kan ein sjå at dette høvet er mindre enn ein for alle prøvane som er tatt innan røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen. I prøvane som er tatt frå klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen og den grasdominerte vegetasjonen, er høvet større enn ein. Dette syner at klokkelyng-pors-blåtopp vegetasjonen og den grasdominerte vegetasjonen er minerotrof. Røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen er derimot truleg ombrotrof.

2) Med unntak av jern og aluminium er det liten forskjell i ionemengden frå vegetasjonstype til vegetasjonstype. Dette syner at heile Storemyr er svært næringsfattig. Sjå tabell 14, 15 og 16.

Jern og aluminium har klart høgare verdiar i prøvane som er tatt innan klockelyng-pors-blåtopp vegetasjonen og den grasdominerte vegetasjonen. Dette syner òg at desse områda er påverka av fastmarksvatn. Mengden av dei ymse ionane høver vel med det som er funne i tilsvarande myrar i same området (I. Røsberg, pers. med.).

3) Innan same vegetasjonstypen er det ikkje forskjell på ionemengden i prøvar som er tatt frå område med og område utan dvergbjørk. Dette tyder på at det ikkje er næringstilgangen som avgrensar utbreiinga av dvergbjørk.

## 5.2. Analyse av vatn

Tabell 17.

### 5.2.1. Metode

Vatnet vart tatt i vegetasjonstypar som var så blaute at det ikkje gjekk an å ta jordprøvar frå dei. Dei vart henta inn i same tidsrommet som jordprøvane. Vatnet vart filtrert og ionemengden vart målt direkte. Målingane er gjort av vit.ass. I. Røsberg ved Botanisk museum i Bergen.

### 5.2.2. Kommentar

- 1) Tallmaterialet er så lite at det er vanskeløg å seia noko sikkert om miljøet innan dei forskjellige vegetasjonstypane. Alle verdiane er etter måten låge, noko som stør det inntrykket vi har frå jordprøvane. Myra er næringsfattig.
- 2) Ut frå høvet mellom kalsium og magnesium ser det ut for at elvesnelle-sumpa er minerotrof. Dei andre vegetasjonstypane som er representert, er truleg ombrotrofe. Vatnet i bekken i den søraustre delen av myra, representerer i ei viss grad torvull-sumpa som denne bekken renn gjennom.



## 6. DVERGBJØRK (BETULA NANA)

Alt som er sagt om dvergbjørk i det følgjande byggjer på materiale frå Storemyr.

### 6.1. Utbreiing og økologi

Av vegetasjonskartet ser ein at dvergbjørka er konsentrert om dei midtre og nordaustre delene av myra. Utanfor dette området finst bare enkelte klonar. Omgrepet klon vert brukt om ei samling økologisk skilte individ som er genetisk identiske. På Storemyr finn ein mesteparten av dvergbjørka innan røsslyng-bjønnskjegg vegetasjonen. Tabell 11 som inneheld alle vegetasjonsanalyane med dvergbjørk, syner at ein òg finn dvergbjørk i torvull, torvmose, pors-blåtopp- og slåttestarrsamfunn. Alle desse samfunna er omtalte i kapittel 4.

Det ser ut til at dvergbjørka er utan spesielle krav til væte. På Storemyr veks dvergbjørka frå dei tørraste tuene til vannkanten. Torvanalysane har heller ikkje avslørt spesielle næringskrav. Sjå s. 23 og tabell 14, 15 og 16.

### 6.2. Biometriske målingar

Biometri vert brukt til å finna variasjonen innan ein art, eller for å skilja to nærståande arter. Ein måler ei rekke parametrar på eit utval av artene (artene). Ved statistisk handsaming av det talmaterialet ein då får, kan ein få fram variasjonar og skilnader.

På Storemyr vart det samla inn materiale av dvergbjørk for å måla blad, rakleskjell og frukter. Dette vart gjort for å finna variasjonen innan populasjonen. Dersom dvergbjørka på Storemyr døyrt ut i samband med ei industriutbygging på området, er det viktig å veta korleis arten såg ut i denne populasjonen.

#### 6.2.1. Innsamling av materiale

Det er vanskeleg å samla inn eit lite, men representativt materiale frå ein stor bestand med dvergbjørk. Materialet frå Storemyr vart samla langs til-

feldig valde rette linjer. Desse vart lagt innan det området der dvergbjørka er jamt utbreidd. Sjå vegetasjonskartet. Ein dvergbjørkkvist vart tatt for kvart tiande skritt. Ti nye skritt var tatt dersom det ikkje var ein kvist i nærleiken.

#### 6.2.2. Utveljing av materiale til målingane

Blada vart undersøkt i to nivå: Variasjonen innan ein kvist og innan heile populasjonen. Rakleskjella og fruktene vart undersøkt i tre nivå: Variasjonen innan to forskjellige raklar, innan ein kvist og innan heile populasjonen.

For seinare å kunna handsama måleresultate statistisk, prøvde eg mest mogeleg å ta tilfeldige utval. Kvistane var nummerert frå 1 og utover, og valt ut etter ein tabell over tilfeldige tall. Same metode vart brukt for å finna rakle I. Først vart kvisten valt ut, så raklen. For rakle II vart det gjort eit unntak. Her prøvde eg bevisst å finna ein rakle som var anleis enn rakle I. Utvala frå heile populasjonen vart tatt ut etter "basarmetoden". Alle blad, rakleskjell og frukter vart samle kvar for seg. Etter god omrøring vart eit passe stort tal plukka ut.

#### 6.2.3. Storleiken på utvala

Dersom ein måler ein gitt parameter på eit materiale og finn at resultatane normalfordeler seg, kan ein bruka standardavviket som eit mål for variasjonen for denne parameteren innan materialet. Vil ein bare måla eit utval av materialet, men likevel få med seg mest mogeleg av variasjonen, må ein gjera utvalet så stort at standardavviket endrar seg lite om ein gjer utvalet større. Ved å plotta standardavviket mot aukande storleik på utvalet, kan ein finna kor stort dette bør vera. Sjå fig. 4. Eg har gått ut frå at dersom ein måler fleire parametrar på same materialet (lengde, bredde o.s.b.), vil desse ha omtrent same variasjonen.

Lengden på blada er brukt for å finna kor store utval ein bør ta frå dvergbjørkpopulasjonen. Av fig. 4 ser ein at standardavviket endrar seg lite etter at utvalet er gjort større enn 60.

Rakle I hadde bare 17 rakleskjell og 40 frukter. Rakle II hadde 18 rakleskjell og 58 frukter. Ellers heldt eg meg til utval på 60.




Fig. 4. Variasjonen i standardavviket for lengden av blada (ordinat) med aukande storleik på utvalet (absisse).

#### 6.2.4. Val av parametrar

Ved valet av parametrane heldt eg meg stort sett til Bialobrzeska og Trychanowiczorva (1960). På rakleskjella er karakter 8 (bredden av sentralloba ved grunnen) lagt til. Sjå s. 60. Karakter 6 (staden der frukta er breiast) og karakter 8 (staden der venga er breiast) er lagt til på frukten. Sjå s. 67. Parametrane på blada har eg sjølv valt. Sjå s. 58.

#### 6.2.5. Målemetode

Målereidskapa var eit skyvelær med 1/10 mm inndeling, og ein vanleg transportør. Blada vart limt opp på ark og tatt fotostatkopi av. Især vinklane var lettare å måla på desse kopiane. Rakleskjella og fruktene vart det teikna eit forstørra omriss av ved hjelp av lupe og teiknespeil. Ved å leggja inn målestokk kunne ein seinare rekna seg tilbake til storleiken. Desse forstørringane gjorde målearbeidet lettare.

Ein del parametrar er det eigentleg to sett av. Eksempel på dette er lengden av lateralloba, vinkelen i tuppen av bladet og bredden av venga/bredden av nøtta. Sjå s. 60, 58 og 57. Bare det eine av desse parameter-para er målt. Høgre sida når ein ser bladet, rakleskjellet eller frukta ovanfrå, vart brukt. I dei fleste tilfella er den høgre og den venstre sida av blada, rakleskjella og

fruktene ulike. Ved bare å måla den eine sida, får ein ikkje fram denne usymetrien.

#### 6.2.6. Kommentar til resultatata av bladmålingane

Fig. 6 og fig. 7 syner at alle parametrane er fint normalfordelte. Ein ser òg at fordelinga av verdiane frå ei grein er omtrent lik den ein har funne for heile populasjonen. Måla for eit gjennomsnittsblad finn ein i tabell 18. Eit gjennomsnittsblad er gitt på fig. 5 s. 57.

#### 6.2.7. Kommentar til resultatata av målingane på rakleskjella

For ein del parametrar på rakleskjella kan ein sjå eit avvik frå normalfordelinga på utvalet frå heile populasjonen. Særleg markert er denne skulderen på fordelinga av karakter 2 (bredden av bladet) og karakter 11 (bredden av lateralloba på det breiaste). Samtidig finn ein fordelinga av desse karakterane for rakle II, rett over denne skulderen. Sjå fig. 9 og 18 s. 61 og 65.

Dette fenomenet finn ein òg på karakter 1 (lengden av rakleskjella), karakter 8 (bredden av sentralloba ved grunnen), karakter 9 (lengden av lateralloba) og karakter 10 (bredden av lateralloba ved grunnen). Sjå fig. 8, 15, 16 og 17. Ved å sjå nøyare på måleresultata har eg funne at det er ei gruppe på ca. 17 rakleskjell som står for desse avvika.

Den mest nærliggjande forklaringa på dette avviket i materialet er at ein har fått med seg restane etter ei tidlegare kryssing mellom vanleg bjørk og dverg-bjørk. Alle dei avvikande målingane syner verdiar som ligg mellom vanleg bjørk og dvergbjørk, men avvika er så små at det må ha vore fleire tilbakekryssingar med dvergbjørk.

Resten av verdiane er fint normalfordelte og variasjonen på alle nivåa er omtrent den same. Mideltal og standardavviket for dei ymse karakterane finn ein i tabell 18. Eit gjennomsnittrakleskjell er gitt på fig. 5 s. 57.

#### 6.2.8. Kommentar til resultatata av målingane på fruktene

På utvalet frå heile populasjonen fann eg ei gruppe (15-20 frukter) som avveik

noko frå resten av materialet. Dette avviket ser ein best på karakter 4 (bredden av frukta) og på karakter 7 (høvet mellom bredden av vanga og bredden av nøtta). Sjå fig. 24 og 27 s. 69 og 71. Ein kan òg sjå det på karakter 1. (lengden av nøtta) og karakter 3 (høvet mellom lengden og bredden av nøtta). Sjå fig. 21 og 23. Og hos fruktene ligg fordelinga av desse parametrane for rakle II, rett over skulderen på fordelingane for heile populasjonen. Sjå fig. 21, 23, 24 og 27. Ei forklaring på dette avviket er gitt på s. 27 under kommentaren til resultatata av målingane på rakleskjella.

Resten av karakterane er fint normalfordelte med små avvik frå nivå til nivå. Middeltalet med standardavviket for kvar karakter finn ein i tabell 18 s. Ein gjennomsnitts frukt er gitt på fig. 5 s. 57.

### 6.3. Vedanatomi

For å gjera omtalen av dvergbjørk så fullstendig som mogeleg, har eg sett på vedanatomen. Materialet frå Storemyr syner at veden hos dvergbjørk (Betula nana) skil seg frå veden hos vanleg bjørk (B. pubescens). Alle dei anatomiske snitta som det er bilete av på fig. 53-58 er forstørra like mykje.

O. G. Petersen (1901: 30) har peika på følgjande skilnader:

- a) Kara er noko smalare hos dvergbjørk. Sjå fig. (53-58)a.
- b) I høve til celleopninga er veggene i trakeidane mykje tynnare hos dvergbjørk enn hos vanleg bjørk. Sjå fig. (53-58)a.
- c) Margstrålene er ofte fleirlaga hos vanleg bjørk, mens dei er ein- og tolaga hos dvergbjørk. Etter mi meining er dei tolaga margstrålene heller sjeldne hos dvergbjørk. Sjå fig. (53-58)a.
- d) Greguss (1945) meiner at veden hos dvergbjørk skil seg tydeleg frå veden hos dei andre bjørkeartene på fordelinga av kara i årringen. Han syner at hos dvergbjørk har den tidlege vårveden størst konsentrasjon av kar. Desse ligg ordna som ein ring rett utanfor årringsgrensa og markerer denne tydelig. Vanleg bjørk syner derimot ei nokså jamn fordeling av kara gjennom heile årringen. Materialet frå Storemyr (sjå fig. (53-58)a) syner same tendensen, men årringana hos dvergbjørka er her så smale at denne skilnaden på vår- og sommarved er svært vanskeleg å sjå. Av den grunn ser ein tydelegare skilnaden på vår- og haustved hos vanleg bjørk enn hos dvergbjørk på dette materialet.

e) I tillegg vil eg peika på at årringsgrensa er forskjellig hos dei to artene. Hos vanleg bjørk finn ein fleira lag flattrykke celler i årringsgrensa. Hos dvergbjørk finn ein bare eitt lag flattrykke celler. Vanleg bjørk har ein viss konsentrasjon av parenkymatiske celler i årringsgrensa. Nokon slik konsentrasjon har eg ikkje klart å påvisa hos dvergbjørk. Sjå fig. (53-58)a.

#### 6.4. Aldersanalyse

##### 6.4.1. Metode

Eit tilfeldig stykke vart valt innan området med dvergbjørk. Her vart alle plantene rivne opp for å finna ut korleis dei stod fordelt. Sjå fig. 35. Det vart sett ei grense ved 50 planter. Frå kvar plante vart det stykket som vi trudde var eldst, tatt med for seinare å slå fast alderen. Sjå fig. 34 og fig. 35. Desse vart kokt i 5 min. i 5% KOH for å gjera dei mjukare å snitta.

Årringane vart talt på eit til fleire snitt frå kvar plante. Dette var gjort i mikroskop då årringane var vanskelege å skilja.

##### 6.4.2. Veksemåte og formeiring

Før ein kan diskutera resultatet av aldersanalysen, må ein sjå litt på korleis dvergbjørk veks og korleis ho formeirar seg.

Dvergbjørk er ein busk. Han har ein tendens til å la greinene krypa langs marka, medan kvistane står rett opp. Enkelte greiner vert omdanna til utløparar og kan krypa mange meter bortover. Både utløparane og dei vanlege greinene kan slå røter der dei rører ved marka, men det er først når sambandet med morplanta er brote, at ein kan sjå på det som eit økologisk sjølvstendig individ. Brotet skjer ved at greina eller utløparen rotnar av. I tillegg til denne vegetative måten formeirar dvergbjørka seg òg med frø.

##### 6.4.3. Resultat og diskusjon

Ved den metoden som er brukt, får ein ikkje veta kor lenge plantene som er blitt til ved vegetativ formeiring, har eksistert som sjølvstendige individ. Det som er målt er kor lenge det er sidan greina eller utløparen slo røter.



Av fig. 34 og fig. 35 ser vi at det innan prøveflata ikkje er funne planter under ti år. Ei forklaring på dette kan vera at vi har oversett så små planter. Ei anna, og kanskje meir sanssynleg forklaring, er at det trengst minst ti år før sambandet med morplanta vert brote. Denne teorien vert støtta av at vi drog opp mange meter med utløparar som enkelte stadar hadde røter og greiner, før vi kom fram til dei plantene vi målte alderen på. Mangelen på individ under ti år på prøveflata kan tyda på at all formeiring dei siste åra har vore vegetativ. Det kan altså vera metoden som gjer at ein ikkje har fått med individ på under ti år.

